

MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 20.06.2018 kl. 10:30-18:00

Sted: Stord

Arkivsak: 17/00097

Tilstede: Berit Rokne, Arvid Hallén, Kari Kjenndalen, Aina Berg, , Trond Ueland, Tom Skauge, Gunnar Yttri, Christine Øye, Marit Ubbe, Åse Neraas, Karin Stormo, Sondre Johan H Riisøen, Cecilie Engen Fredheim, Marie Eikemo Larsen, Gunnar Birkeland

Møtende varamedlemmer: Ragnar Gjengedal for Sissel Johansson Brenna

Forfall Sissel Johansson Brenna

Protokollfører: Linda McGuffie

SAKSKART

Vedtaksaker

44/18	17/00097-81	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
45/18	17/10061-24	Regnskap pr. 1.tertial 2018 og status budsjett
46/18	17/05129-16	Revisjonsberetning for regnskapet for 2017 ved HVL
47/18	18/03250-2	Rammer for studieporteføljeutviklingen ved Høgskolen på Vestlandet (HVL)
48/18	18/02944-2	Nye studietilbud ved HVL fra studieåret 2019/2020. Innspill fra fakultetene
49/18	18/04251-1	Campusutvikling HVL - Strategisk arealplan i det lange perspektiv
50/18	17/04016-11	Campusutvikling HVL-tilbygg Haugesund
51/18	18/04236-1	Instruks for dagleg leiing
52/18	18/04236-2	Fullmactsstruktur: Råd og utval i HVL
53/18	18/04177-1	Akkreditering av Master i Marketing and Innovation

54/18	18/03650-1	Oppnevning/godkjenning av studentrepresentanter til styrer, råd og utvalg ved HVL - 01.08.2018-31.07.2019
55/18	17/09874-11	Strategiprosessen - løypemelding juni 2018
56/18	18/04252-1	Utvikling av kvalitetssystem HVL
57/18	18/00819-1	Oppfølging av Meld. St. 25 (2016–2017) Humaniora i Norge ved HVL
58/18	18/04284-1	Tilstandsrapport for høgare utdanning 2018 - hovudtal og tendensar for HVL
59/18	18/04565-1	Søkertall og status for rekrutteringsarbeidet for studieåret 2018/2019
Orienteringssaker		
O-5/18	17/00146-35	Orienteringar frå rektor, styremøte 05/18

Stord, 20.06.2018

Arvid Hallén

44/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	44/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 05/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 04/18.

Møtebehandling

Styreleiar ønska velkommen og informerte om at styremedlem Sissel Johansson Brenna hadde meldt forfall til møtet og at Ragnar Gjengedal møtte for ho.

Styret hadde ikkje kommentarar til sakslista.

Det vart meldt to saker til eventuelt i løpet av møtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 05/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 04/18.

45/18 Regnskap pr. 1.tertial 2018 og status budsjett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	45/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tar utgreiinga om regnskapsstatus per 1. tertial 2018 til orientering.
2. Styret tar intern budsjettstatus pr.1.tertial 2018 til orientering.

Møtebehandling

Rektor innleia og direktør for økonomi- og arealforvaltning, Helge Skugstad, presenterte saka.

Styret diskuterte saka og var tilfreds med å sjå at resultatet for første tertial 2018 er i balanse. Styret ser gjerne at rekneskapstala vert sett opp mot budsjettet i framtidige saker av denne typen.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret tar utgreiinga om regnskapsstatus per 1. tertial 2018 til orientering.
2. Styret tar intern budsjettstatus pr.1.tertial 2018 til orientering.

46/18 Revisjonsberetning for regnskapet for 2017 ved HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	46/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Riksrevisjonens revisjonsberetning for Høgskulen på Vestlandets regnskap for 2017 tas til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og direktør for økonomi- og arealforvaltning, Helge Skugstad, presenterte saka.

Styret hadde ikkje kommentarar til saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar Riksrevisjonens revisjonsberetning for Høgskulen på Vestlandets regnskap for 2017 til orientering.

47/18 Rammer for studieporteføljeutviklingen ved Høgskolen på Vestlandet (HVL)

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	47/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tar sak om rammer for studieporteføljeutviklingen ved HVL til orientering

Møtebehandling

Styreleiar innleia og prorektor for utdanning, Bjørg Kristin Selvik, presenterte saka.

Styret var positive til at ein startar dette arbeidet. Ei heilskapeleg tilnærming og strategisk styring av studieportefølja er ein førestnad for at HVL skal lukkast. Det blei spelt inn at ein bør vurdere om ein i tillegg til den faste studentrepresentanten i arbeidsgruppa gjer vararepresentanten til møtande observatør. Rektor opplyste i møtet at dette vil la seg gjere.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar sak om rammer for studieporteføljeutviklinga ved HVL til orientering.

48/18 Nye studietilbud ved HVL fra studieåret 2019/2020. Innspill fra fakultetene

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	48/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar innspill fra fakultetene til nye studietilbud fra studieåret 2019/2020 og rektors kommentarer til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia og prorektor for utdanning, Bjørg Kristin Selvik, presenterte saka.

Styret diskuterte saka og var nøgd med å få ei orientering om dei nye studietilboda fakulteta har foreslått i forkant av endeleg vedtak av studietilbud for 2019/2020. Det vart peika på som positivt at forslaga vitnar om at HVL svarar på behov i omgjevnadane. Styret støtta rektor sin vurdering av at ein ikkje gjer store endringar eller utvidingar av studietilbudet før ein har evaluert og lagt strategiske føringar for heilskapen i HVL si studieportefølje (jf. Sak 47/18), og at nyetablering av tilbod i denne fasen som hovudsak vert etablert innanfor eksisterande budsjettrammer eller med ekstern finansiering.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar innspill fra fakultetene til nye studietilbud fra studieåret 2019/2020 og rektor sine kommentarer til orientering.

49/18 Campusutvikling HVL - Strategisk arealplan i det lange perspektiv

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	49/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tek dei framlagde arealanalysene til vitande.
2. Styret sluttar seg til at det vert utarbeidd ein Masterplan for areal for HVL i det lange perspektivet fram mot 2040. Ein slik plan må bygge på faglege perspektiv som vert utvikla i strategisk plan og tilsvarande planar ved fakulteta.

Ein Masterplan må innehalde analyser av utviklingspotensialet for kvar campus både med omsyn til behov for meir areal så vel som effektivisering av eksisterande areal.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia og direktør for økonomi- og arealforvaltning, Helge Skugstad, presenterte saka.

Styret diskuterte saka. Det var semje om at det er viktig at ein kjem i gang med ein strategisk plan for areal- og campusutvikling ved HVL i eit langsiktig perspektiv, samstundes med at ein arbeidar for å løyse dei kortsiktige arealutfordringane ein har. I styrets diskusjon vart følgjande moment trekt fram som relevante å ta med seg i det vidare arbeidet:

- Med tanke på dei lange tidshorizontane som er knytt til byggeprosjekt er det avgjerande at ein har gode strategiske planar som evnar å ta innover seg og svare på pågåande og framtidige samfunnsendingar.
- Ein masterplan om strategisk areal- og campusutvikling må vere fleksibel, men samstundes ha ein tydeleg retning.
- Grundige risikoanalyser og konsekvensutgreiingar (økonomi, fagleg, studentrekruttering, effektivitet i konsentrasjonsarbeid mm., kort og lang sikt) må på plass, og både eksterne og interne drivarar må kartleggast.
- Ein må legge opp til å ha gode areal, men òg ha fokus på kostnadsreducerande tiltak. God arealutnytting er viktig.
- Høge husleigekostnadar vil fortsette å være ei stor utfordring. Viktig at ein utfordrar det monopolet Statsbygg har og i større grad vurderer alternativ i einskildsaker. Ein må også jobbe politisk for å få betre vilkår på dei avtalene ein allereie har med dei.
- HVL skal vere eit Vestlandsuniversitet – dette må også reflekterast i dei planane ein legg for utvikling av areal. Må finne rett balanse mellom å bygge der prognosane for folketalsauke er gode (generelt i byane), og å være ein

pådrivar for næringslivs- og folketalsvekst i områder med forventet nedgang i folketal (distrikta).

- Attraksjonsverdien til HVL skal ligge i kvaliteten på studietilbodet, men ein må ikkje undervurdere effekten gode bygg kan ha på rekruttering av studentar og tilsette.

Styret ser fram mot å følgje saka vidare.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret tek dei framlagde arealanalysene i saksframstillinga til orientering.

2. Styret sluttar seg til at det vert utarbeidd ein Masterplan for areal for HVL i det lange perspektivet fram mot 2040. Ein slik plan må bygge på faglege perspektiv som vert utvikla i strategisk plan og tilsvarande planar ved fakulteta.

Ein Masterplan må innehalde analyser av utviklingspotensialet for kvar campus både med omsyn til behov for meir areal så vel som effektivisering av eksisterande areal.

50/18 Campusutvikling HVL-tilbygg Haugesund

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	50/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret vedtar å sette av inntil kr 500.000 til forprosjekt for prosjektering av tilbygg ved kampus Haugesund.

2. Styret gir rektor fullmakt til å bestille forprosjekt til kurantbygg fra Statsbygg.

Ny sak med konkret plan for prosjektet, oppdatert arealanalyse, forpliktende kostnadsramme og nødvendig avklaring med Statsbygg og Kunnskapsdepartementet, legges fram for styret når dette arbeidet er ferdigstilt.

Møtebehandling

Rektor innleia og direktør for økonomi- og arealforvaltning, Helge Skugstad, presenterte saka.

Styret diskuterte saka. Det er viktig for campus Haugesund at prosjektet kjem i gang grunna pressa arealsituasjon.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret vedtek å sette av inntil kr 500.000 til forprosjekt for prosjektering av tilbygg ved campus Haugesund.

2. Styret gir rektor fullmakt til å bestille forprosjekt til kurantbygg frå Statsbygg.

Ny sak med konkret plan for prosjektet, oppdatert arealanalyse, forpliktande kostnadsramme og nødvendig avklaring med Statsbygg og Kunnskapsdepartementet, vert lagt fram for styret når dette arbeidet er ferdigstilt.

51/18 Instruks for dagleg leing

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	51/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret fastset instruks for rektor i tråd med forslaget.
2. Styreleiar får i oppdrag å legge opp ei sak om evaluering av rektors arbeid til styremøtet i september.

Møtebehandling

Styreleiar presenterte saka.

Styret er positive til at ein får på plass instruks for rektor og at ein har lagt opp til årleg evaluering og tilbakemelding til rektor.

Styret kom med nokre kommentarar til formuleringar i samband med omtalen av rektor si leiargruppe som administrasjonen vart oppmoda om å følgje opp.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret vedtek instruks for rektor i tråd med forslaget.
2. Styreleiar får i oppdrag å legge opp ei sak om evaluering av rektors arbeid til styremøtet i september.

52/18 Fullmactsstruktur: Råd og utval i HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	52/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek skildring av planlagt utvalsstruktur og prosess for vidare arbeid med fullmakter til førebels orientering, og ber om å bli orientert om komplett styringsreglement for HVL når den nye organisasjonen blir sett i verk.

Møtebehandling

Rektor innleia. Organisasjonsdirektør Tage Båtsvik, gav utfyllande informasjon og svara på spørsmål.

I styrets diskusjon av saka vart det peika på som særleg viktig at ein sikrar eit fokus på intern og ekstern samhandling på alle nivå i organisasjonen. Også positivt at ein skal etablere råd/utval for likestilling, mangfald og inkludering. Det vart stilt spørsmål ved om det kan skape forvirring at utvala på dei ulike nivåa har ulik nemning grunna ulik organisering i fakulteta.

Styret ser fram mot å få sak om den endelege fullmactsstrukturen når denne kjem på plass.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek skildring av planlagt utvalsstruktur og prosess for vidare arbeid med fullmakter til førebels orientering, og ber om å bli orientert om komplett styringsreglement for HVL når den nye organisasjonen blir sett i verk.

53/18 Akkreditering av Master i Marketing and Innovation

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	53/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret vedtek at det settes ned ein studieplankomite som skal jobbe fram ein søknad om akkreditering av eit masterprogram i Marketing and Innovation

Møtebehandling

Styreleiar innleia og prorektor for utdanning, Bjørg Kristin Selvik, presenterte saka.

Styret hadde ikkje kommentarar til saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret vedtek at det vert sett ned ein studieplankomite som skal jobbe fram ein søknad om akkreditering av eit masterprogram i Marketing and Innovation.

54/18 Oppnevning/godkjenning av studentrepresentanter til styrer, råd og utvalg ved HVL - 01.08.2018-31.07.2019

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	54/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner valg av følgende studentrepresentanter til Styret for Høgskulen på Vestlandet, for perioden 01.08.2018 til og med 31.07.2019:

Stord/Haugesund:

Fast medlem: Cecilie Fredheim

1. vara: xx

2. vara: xx

Sogndal/Førde:

Fast medlem: Karoline Lester Turøt

1. vara: Marita Helland

2. vara: Camilla Hatland

Bergen:

Fast medlem: Thomas Reite

1. vara: Øyvind Hatland

2. vara: Jonas Oliver Hui Dahl

2. Styret oppnevner følgende studentrepresentanter til Klagenemnda for perioden 01.08.2018 til 31.07.2019:

Fast medlem: Torbjørn Tveit

Personlig vara: xx

Fast medlem: Katrine Lie Strandos

Personlig vara: xx

3. Styret oppnevner følgende studentrepresentanter til Skikkavurderingsnemnda, for perioden 01.08.2018 til 31.07.2019:

Fast medlem: Maren Gullvåg Aasen

Fast medlem: Joakim Fossheim

Møtebehandling

Rektor innleia og prorektor for utdanning, Bjørg Kristin Selvik, presenterte saka.

Styret hadde ikkje kommentarar til saka.

Styreleiar takka dei dei avtroppande studentrepresentantane i styret, Sondre Riisøen og Marie Eikemo Larsen, for innsatsen ved møteslutt.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner valg av følgende studentrepresentanter til Styret for Høgskulen på Vestlandet, for perioden 01.08.2018 til og med 31.07.2019:

Stord/Haugesund:

Fast medlem: Cecilie Fredheim

1. vara: xx

2. vara: xx

Sogndal/Førde:

Fast medlem: Karoline Lester Turøy

1. vara: Marita Helland

2. vara: Camilla Hatland

Bergen:

Fast medlem: Thomas Reite

1. vara: Øyvind Hatland

2. vara: Jonas Oliver Hui Dahl

2. Styret oppnevner følgende studentrepresentanter til Klagenemnda for perioden 01.08.2018 til 31.07.2019:

Fast medlem: Torbjørn Tveit

Personlig vara: xx

Fast medlem: Katrine Lie Strandos

Personlig vara: xx

3. Styret oppnevner følgende studentrepresentanter til Skikkavurderingsnemnda, for perioden 01.08.2018 til 31.07.2019:

Fast medlem: Maren Gullvåg Aasen

Fast medlem: Joakim Fossheim

55/18 Strategiprosessen - løypemelding juni 2018

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	55/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til orientering

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia.

Styret fekk kopi av høyringsdokumentet tilsendt på e-post same dag og Bjørg Kristin Selvik, leiar for strategigruppa, viste presenterte utkastet og prosessen så langt.

Styret gav honnør for eit tydeleg og godt utkast til strategidokument. Grunna kort førebuingstid vil styret gje sine innspel til strategidokumentet i styremøtet i august. Revidert strategi vert lagt fram for styret for vedtak på styremøtet i september.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering

56/18 Utvikling av kvalitetssystem HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	56/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek sak om utvikling av kvalitetssystem ved HVL til orientering.

Møtebehandling

Rektor innleia og prorektor for utdanning, Bjørg Kristin Selvik, presenterte saka.

Styret diskuterte saka. Det vart peika på at nemninga «Kvalitetssystem» har andre konnotasjonar utanfor uh-sektoren og at ein difor bør vurdere å gje kvalitetssystemet vårt ei nemning som ikkje vert forvirrande for våre omgjevnadar. Styret var elles positive til at arbeidet med eit felles kvalitetssystem er i gang, særleg sidan det er et krav for akkreditering av nye studietilbod at ein har dette på plass.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek sak om utvikling av kvalitetssystem ved HVL til orientering.

57/18 Oppfølging av Meld. St. 25 (2016–2017) Humaniora i Norge ved HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	57/18

Forslag til vedtak:

Styret tek saka til orientering.

Møtebehandling

Rektor presenterte saka.

Styret var nøgd med å sjå at ein følgjer opp denne stortingsmeldinga i organisasjonen, og oppmoda om at ein har fokus på dette området også ved dei andre fakulteta. Det ligg eit strategisk potensiale for HVL i å satse meir på å få humaniora sterkare representert også i andre fagområde enn dei tradisjonelt humanistiske faga.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek saka til orientering.

Styret forventar å bli oppdatert på det vidare arbeidet med dette på eit seinare tidspunkt.

58/18 Tilstandsrapport for høgare utdanning 2018 - hovudtal og tendensar for HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	58/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til vitande.

Møtebehandling

presenterte saka. Prorektor for forskning, Gro Anita Fønnes Flaten deltok via skype og svara på spørsmål.

Styret diskuterte saka og oppmoda om at ein tek med seg resultata vidare. Ein må syte for å oppretthalde momentum på dei områda HVL er gode på, men det er og viktig at ein sett i verk tiltak for å motverke tendensar på dei områda HVL ikkje kjem så godt ut som ønska samanlikna med landsgjennomsnittet, t.d.:

- Tal førstevalssøkjjarar
- Gjennomstrøyming på utdanningar kor ein ikkje når kandidatmåltala
- Må bli betre på inn- og utveksling
- Publisering positiv tendens, men HVL ligg under landssnitt
- NFR-løyvingar og EU inntekter, må ha fokus på auka BoA inntening generelt
- Over 50% førstekompetanse positivt, men framleis behov for auke

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

59/18 Søkertall og status for rekrutteringsarbeidet for studieåret 2018/2019

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	20.06.2018	59/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til orientering.

Møtebehandling

Rektor innleia og prorektor for utdanning, Bjørg Kristin Selvik, viste ppt og presentere saka.

Styret diskuterte saka og trakk fram følgjande moment som viktige å ta med seg i det vidare arbeidet med rekrutteringsstrategi:

- Det viktigaste er høg kvalitet i studietilbodet vårt.
- Må arbeide vidare med HVL som merkevare.
- Ein må investere meir i å forstå trendar og søkjarar (både dei som søker seg til oss og dei som har valt andre studiestader) slik at ein kan nytte denne kunnskapen inn i rekrutteringsstrategien.
- HVL bør også gå i tettare samarbeid med næringslivet og bidra til å skape behov og etterspurnad, og ikkje berre respondere på marknaden.
- Det vart peika på at det kan være konkurransehemmande at HVL ikkje pr. i dag tilbyr sivilingeniør eller siviløkonomlørp.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

Saknr	Arkivsak	Tittel
O-5/18	17/00146-35	Orienteringar frå rektor, styremøte 05/18

ORIENTERINGAR FRÅ REKTOR, STYREMØTE 05/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar sakene til orientering

O-5/18-1 Referat frå IDF-møte

Referat frå IDF-møte vart delt ut etter lunsj og styret tok lesepause undervegs i møtet.

O-5/18-2 Årshjul

Styret hadde ikkje kommentarar til årshjul for styresaker HVL 2018 pr. juni.

O-5/18-3 Forskningsbasert følgeevaluering – NIFU

Rektor orienterte om at resultatet frå anbodsrunderen no er klart og at det er NIFU som skal gjere den forskningsbaserte følgeevalueringa av fusjonen og den nye organiseringa av HVL.

Styret hadde ikkje kommentarar til saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar sakene til orientering.

EVENTUELT

E-5/18-1 Charter and code

Meldt av:
Kari
Kjenndalen

Kari Kjenndalen peika på at HVL bør følgje opp EU si tilråding «The European Charter for Researchers and the Code of Conduct of the Recruitment of Researchers» (Charter and Code) som er eit sett med prinsippar om roller, ansvar og rettigheter for forskarar og deira arbeidsgjevarar som vart etablert av EU i 2005.

Rektor orienterte om at ein har starta prosessen med dette i HVL, og at styret vil få sak til orientering på eit seinare tidspunkt.

E-5/18-2 Oppfølging av administrativ organisering - bemanningsplanar

Meldt av:
Styreleiar

Styreleiar orienterte. Det er eit behov for å avstemme forventingane til risikovurderinga som styret bad om i sak 15/18, slik at leiinga og styret har same forståing av kva denne skal omfatte. Styret bad om å få sak om dette temaet i møtet i august.

E-5/18-3 Insititusjonsbesøk frå NOKUT – ph.d

Meldt av:
Rektor

Rektor orienterte om besøket fra Nokut i samband med akkrediteringssøknaden om etablering av ph.d.-studium i helse, funksjon og deltakelse.
